

Planprogram for Nesfossen nærings- og industriområde

Gnr/Bnr. 56/14 m.fl.

Lindås kommune

Framlegg til planprogram i
samsvar med PBL § 12-9

22.05.15
Saksnr. 15/1584
Lindås kommune

Ard
arealplan



Ard arealplan as

Planprogram for Nesfossen nærings- og industriområde

Framlegg

1.	BAKGRUNN / FØREMÅL.....	2
1.1.	Innleiing	3
1.2.	Bakgrunn for planarbeidet	4
1.3.	Målsetting	4
1.4.	Rammar og føringar.....	4
1.5.	Plangrense	5
1.6.	Eigartilhøve	6
2.	PLANPROSESS OG MEDVERKNAD	6
2.1.	Plantype	6
2.2.	Tiltak som utløyer krav om planprogram/konsekvensutgreiing	6
2.3.	Sambandet til nærmiljøet	7
2.4.	Fristar og tidsplan, framdriftsplan.....	7
2.5.	Informasjon og medverknad	7
3.	SITUASJONEN I DAG - 0 ALTERNATIVET	8
3.1.	Planområdet	8
3.2.	Landbruk	8
3.3.	Strandsona	9
3.4.	Infrastruktur	10
4.	PLANLAGT AREALBRUK - ALTERNATIV MED ETABLERING AV NYE BYGG	11
4.1.	Planområdet	11
4.2.	Landbruk	11
4.3.	Strandsona	12
4.4.	Infrastruktur	13
4.5.	Kulturminner.....	13
5.	KONSEKVENsutGREIING MED ANTATTE PROBLEMSTILLINGAR OG OVERSIKT OVER TILHØVE SOM UTGREIAST, UTGREIINGSPROGRAM	14
5.1.	Metode	14
5.2.	Rammar og føresetnader	14
5.2.1.	Overordna planar og retningsliner	14
5.2.1.1	Rikspolitiske retningsliner	14
5.2.1.2	Relevante planar	15
5.2.1.3	Planar i nærmiljøet	15
5.3.	Tiltaka	15
5.4.	Utgreiingstema.....	15
5.4.1.	Miljø	15
5.4.2.	Naturressursar.....	16
5.4.3.	Samfunn.....	16
5.4.4.	Anna	17
5.5.	Oppsummering av utgreiingstrong:	17
	Figur 1 Eksisterande anlegg.....	2
	Figur 2 Plassering av planområdet i Lindås kommune. Kjelde: Kartverket.	3
	Figur 3 Utsnitt av kommuneplankartet for Lindås 2011 - 2023 med planområdet	5
	Figur 4 Forslag til plangrense.....	5
	Figur 5 Oversikt over eigartilhøve i og rundt planområdet. Kjelde: Kartverket.....	6
	Figur 6 Eksisterande anlegg.....	8
	Figur 7 Klassifisering av landskapet Kjelde: Skog + landskap.	9
	Figur 8 Strandsona i overgangen mellom eksisterande og planlagt nytt utbyggingsområde.	9
	Figur 9 Vegsystemet inn til planområdet. Kjelde: Kartverket.	10
	Figur 10 Vegen inn til anlegget.....	11
	Figur 11 Vegetasjonen i området.	12
	Figur 12 3D framlegg til løysingar for området. Ill: FanAgro.....	12
	Figur 13 Illustrasjon som viser fordelinga av ulike	13
	Figur 14 Den gamle postvegen til venstre og restar av mølleanlegg til venstre.	14
	Figur 15 Illustrasjonar over planlagt anlegg. Ill: FanAgro.	15

Om ikkje anna er nemnt er alle bilete tatt av Ard arealplan as.

1. BAKGRUNN / FØREMÅL

Lokalisering:

Lindås kommune ligg nord i Hordaland fylke og grensar til kommunane Masfjorden og Modalen i nord, i vest til Radøy og Austrheim, og i sør til Meland. Totalt flatemål er på 474 km². Innbyggartalet er på ca 15 400 stk. Kommunesenteret Knarvik er den største tettstaden i kommunen. Staden Nesfossen ligg nordvest i kommunen i nærleiken av staden Hundvin mot Lurefjorden.

Nesfossen smolt as er tiltakshavar. Området dei ynskjer regulert er på ca. 40 daa, like nordvest for eksisterande smoltanlegg til Nesfossen as i Lindås kommune. Området gjeld gnr 56 bnr 14 m. fl.

Planframlegget legg opp til utviding av eksisterande industrianlegg, med sjøvatnbasert anlegg for smoltproduksjon med dei installasjonar som høyrer til eit slikt anlegg. I kommuneplanen er areala avsett til LNF i tillegg til industriføremål. Eksisterande anlegg er ikkje regulert, men er i samsvar med overordna plan og difor tek ein dette arealet med inn i same reguleringsplan for at heile industriområdet skal vere regulert.

Reguleringsplanen for *Nesfossen nærings- og industriområde* skal vere ein reguleringsplan med plankart, føresegner og utgreiing. Denne skal utarbeidast samstundes som konsekvensutgreiing vert utarbeidd.


I dag består området av eit eksisterande anlegg med ferskvatnbasert smoltanlegg, samt nokre næringsbygg, kaianlegg og strandsone.

Sentrale problemstillingar i plan og utgreiingsarbeidet vil vere vidare utbygging av smoltanlegg med infrastruktur, sett i samband med landskap (nær - og fjernverknad), friluftsliv, biologisk mangfald, VA, ROS-analyse med særleg vekt på miljøsyn ved avrenning og forureining samt samfunnsmessige konsekvensar.

Planprogrammet vert utarbeid på vegne av tiltakshavar og skal handsamast av kommunen. Planprogrammet skal til offentleg ettersyn og på høyring, før det eventuelt med justeringar etter høyringa, vert vedteken og lagt til grunn for det endelege planarbeid med konsekvensutgreiing.



Figur 1 Eksisterande anlegg.



Figur 2 Plassering av planområdet i Lindås kommune. Kjelde: Kartverket.

1.1. Innleiing

Den einssilde kommune skal med heimel i plan og bygningslova syta for at det vert utarbeidd reguleringsplan for å få løyve til å gjennomføre eit tiltak.

Saman med plankartet skal reguleringsplanen ha med føresegner som vil vera bindande for tiltaket *Nesfossen nærings-og industriområde*. Ein ynskjer med reguleringsplanen å setje rammer for framtidig arealbruk innanfor planområdet.

Oppstartsmøte for *Nesfossen nærings-og industriområde* vart halde den 16.04.15. saksnr. 15/1584. Søknad om oppstart av planarbeidet vart lagt fram for politisk avgjerse for Plan- og miljøutvalet den 4.03.15, pga. avvik frå kommuneplanen for Lindås for den nye delen av planområdet. I kommuneplan er areala avsett til LNF i tillegg til akvakulturføremål og tiltakshavar har ynskje om å endre LNF til *akvakulturområde*. Vedtaket i Plan- og miljøutvalet gav løyve til planoppstart, og ein fekk der føringar for det vidare planarbeidet.

Arbeidet med å utarbeide planprogram vart deretter sett i gong av Ard arealplan as.

Planarbeidet vil leggje vekt på korleis ein ser for seg at ein kan utvikle område som *akvakulturområde*.

Naturressursane i området vil verta forvalta på ein gjennomtenkt og medveten måte med dei reiskap planen gjev. Planen vil vurdere vern av kulturminne, naturområde med strandsone og LNF-område.

Planprogrammet skal utformast slik at det i etterkant kan takast stilling til om planframlegget med konsekvensutgreiing er utforma i tråd med planprogrammet.

1.2. Bakgrunn for planarbeidet

Tiltakshavar har søkt om utarbeiding av reguleringsplan for området på deler av eigedom gnr/bnr 56/14 samt infrastruktur og innarbeiding av eksisterande tiltak i ny plan då eksisterande akvakulturanlegg ligg utan reguleringsplan.

1.3. Målsetting

Føremålet med planarbeidet er å regulere delar av eigedomen til akvakultur samt infrastruktur for desse. Akvakultur er eit ein underkategori under føremålet «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone».

Planprogram for Nesfossen omfattar hovudproblemstillingane knytt til planarbeidet, saman med oversyn over viktige utgreiingar som skal konsekvensutgreiast.

Det viktigaste med eit planprogram er å fastsetje kva alternativ som skal utgreiast, og kva konsekvensar som skal utgreiast.

Ein skal konsekvensutgreie eit 0-alternativ saman med eit anna alternativ. Då det her er snakk om vidareutvikling av eksisterande akvakulturanlegg er det ikkje aktuelt med alternativ plassering.

Planprogrammet skal leggjast fram til politisk handsaming og drøfting.

Ard arealplan as står for den praktiske utarbeidinga av framlegg til planprogram og konsekvensutgreiing. Der det er trong for utgreiingar som krev spesialistkompetanse vil ein henta inn nødvendig fagleg ekspertise.

Planprogrammet vil gjerast tilgjengeleg via internett på heimesida til www.ardarealplan.no og hjå Lindås kommune i høringsperioden. Frå heimesida vil det verta høve til å sende inn merknadar til planprogrammet og planarbeidet.

Naboar, dei partar saka gjeld, samt offentlege og private høringsinstansar vil verte informert om planprosessen etter krava i loven.

I samsvar med § 5, andre ledd i forskrifta om konsekvensutgreiingar av 22.12.14 skal det vurderast om det skal haldast informasjonsmøte i høringsperioden for gjeldande planprogram.


Saman med Lindås kommune vil trongen for breiare orientering gjennom eit folkemøte verte vurdert.

Målet med å utarbeide eit eige planprogram og deretter ein KU er å gje politikarane eit solid grunnlag for å kunne ta nødvendige avgjerster.

1.4. Rammar og føringar

Gnr. 56, bnr 14 m.fl ligg i eit område avsett til NLF-i gjeldande kommuneplan for Lindås 2011 - 2023. Sjå utsnitt i figur 3.

Det er ingen andre reguleringsplanar for eller i nærområdet bortsett frå Verneplan for Lurefjorden.



Eksisterende akvakulturanlegg er vist med to nyanser av lilla, planlagt nytt anlegg vil ligge vest om desse.

Utsnitt av tittelfelt under.


Blått felt utanfor er område for trål.

Figur 3 Utsnitt av kommuneplankartet for Lindås 2011 - 2023 med planområdet lagt inn omtrentleg.

BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE (PBL § 11-7, nr 6)			
	Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner		Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner
	Småbåthavn		Småbåthavn
	Fiske (GylePlass/Trålsone/LassefjingsPlass)		Fiske (Trålsone)
	Akvakultur		Akvakultur
	Drillevatn		
	Frikultsområde		Frikultsområde (Badeområde)


1.5. Plangrense

Innanfor plangrensa er det tatt med nødvendig areal for å løyse mellom anna problemstillinga med infrastrukturen til området frå sjø.



Figur 4 Forslag til plangrense.

1.6. Eigartilhøve



Figur 5 Oversikt over eigartilhøve i og rundt planområdet. Kjelde: Kartverket.

Gnr 56/2, 56/14, 177/2, 177/64 er alle eigd av Nesfossen as. Nytt smoltanlegg er planlagt innanfor 54/14.

2. PLANPROSESS OG MEDVERKNAD

Reguleringsplanen skal utarbeidast i samsvar med overordna planar. Her følgjer ei liste over dei nasjonale, regionale og lokale planar og retningslinjer som kan få innverknad for planarbeidet:

2.1. Plantype

Arbeidet vert utført som ei detaljregulering etter § 12-3 i plan- og bygningslova.

2.2. Tiltak som utløyer krav om planprogram/konsekvensutgreiing

Planen utløyer krav om planprogram og konsekvensutgreiing. Etter § 12-3 tredje ledd skal reguleringsplanar som inneber eit vesentleg avvik frå overordna planar vurderast etter kriteria i forskrift om konsekvensutgreiingar, jf. Pbl. § 4.2.

Planområdet er sett av til LNF-område på land i kommuneplanens arealdel og fell difor inn under § 4 h i KU - forskrifta:

Ein viser til *forskrift om konsekvensutredning* siste oppdatering av 22.12.14 i § 3. b, vedlegg III. h)

Ut frå vedlegg III har ein konkludert med at planarbeidet utløyer planprogram og konsekvensutgreiing ut frå eitt punkt:

h) *større omdisponering av landbruks-, natur- og friluftslivsområdar eller områdar som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksverksemd,*

Då planområdet ikkje er i samsvar med overordna kommuneplan vert det difor utarbeidd planprogram og konsekvensutgreiing.

2.3. Sambandet til nærmiljøet

Ynskt planføremål er ikkje i tråd med eksisterande kommuneplan med omsyn til føremålet LNF.

Planområdet vert avgrensa slik føresetningane for dei ulike arealdelane er lagt. Dette gjeld tilkomst til området med infrastruktur.

Det skal særskilt leggjast vekt på tilpassing til eksisterande terreng og strandsone. Naturmangfoldsloven skal utgreiast særskilt.

Planen skal legge til rette for akvakulturanlegg og også omfatte allereie utbygd område som i dag ligg utan reguleringsplan. Eksisterande akvakulturanlegg er i samsvar med overordna plan men vert tatt med for å sjå heile anlegget under eitt.

Oppsummert skal desse tema sjåast nærare på:

- Vurdering av omfang, plassering og karakter på tiltaka, med ulike løysingar.
- Omsyn til naboar.
- Omsyn til landskapet med strandsone.
- Omsyn til kulturminne i eller nær planområdet.
- Tilkomst, trafikk og parkering.

2.4. Fristar og tidsplan, framdriftsplan

Oppstartsmøte for *Nesfossen nærings- og industriområde* vart halde den 16.04.15. saksnr. 15/1584. Søknad om oppstart av planarbeidet vart lagt fram for politisk avgjerse for Plan- og miljøutvalet den 4.03.15, pga. avvik frå kommuneplan for Lindås. I kommuneplanen ligg området som LNF/ akvakulturanlegg.

Søknad til Lindås forvaltningskomité vart fremma i møte den 18.03.15 med vedtak for oppstart av planarbeid og med føringar for det vidare framhald.

Planprogram vert utarbeidd og sendt ut med merknadsfrist sett til 6 veker. Etter at merknadsfristen er ute vert innkomne merknader gått igjennom og planprogram justert om ein finn at det er trong for det. Evt. justert planprogram med merknadar vert sendt kommunen for sakshandsaming som så fastset planprogrammet endeleg.

2.5. Informasjon og medverknad

Viktige partar og deltakarar i planprosessen er naboar, andre private interesser, offentlege etatar og statleg mynde. Alle naboar og offentlege etatar vert varsla direkte med brev. I tillegg vert planoppstart med planprogram kunngjort i lokalavisa Strilen eller Nordhordland.

I samarbeid med Lindås kommune vil ein vurdere trongen for breiare orientering gjennom eit evt. folkemøte.

3. SITUASJONEN I DAG - 0 ALTERNATIVET

3.1. Planområdet


I dag består området av eit smoltanlegg for fisk med næringsbygg av ulik storleik rundt. I kommuneplanen er delar av planområdet sett av til akvakulturanlegg. Disse områda avsett til akvakulturanlegg i kommuneplanen er allereie utbygd. Sjå figur 6 og 9.



Figur 6 Eksisterande anlegg.

3.2. Landbruk

Området i LNF-området med skog som vert omfatta av plangrensa er klassifisert med frå særst høg og høg bonitet. Sjå i figur 7. Markslagskart over gnr. 56 bnr. 14. Området er på om lag 26 daa. Landskapet består delvis av ein grunnlendt fjellrygg med spreidd furuskog ut mot Lurefjorden. Bak dette området ligg eit belte med eit myrområde. Ikkje noko dyrka areal vert råka av planområdet. Raud line syner området som vert omfatta av planen. Forma på landskapet, jordsmonnet m.m vert vurdert til at området er lite eigna for dyrking.




Figur 7 Klassifisering av landskapet Kjelde: Skog + landskap.

3.3. Strandsona

Strandsona er endra i området langs etter utbygd akvakulturanlegg. Området består av delvis utfylte felt.

Strandsona langs etter området for planlagt ny utbygging ligg i stor grad utan inngrep.




Figur 8 Strandsona i overgangen mellom eksisterande og planlagt nytt utbyggingsområde.

3.4. Infrastruktur

Planområdet ligg sør for FV 57 Lindåsvegen. Planområdet er knytt saman som vist under.


Vegen inn til planområdet som er knytt til Lindåsvegen er om lag 3,5 m brei utan fortau. Sjå figur 10.



Figur 9 Vegsystemet inn til planområdet. Kjelde: Kartverket.

Konsekvensane av at ein heldt fram som i dag utan ny utviding av anlegget vert at drifta stagnerer og at ein ikkje får tilpassing til endra og betre driftsmetodar. På sikt kan trongen for ny etablering annan stad verte aktuelt om anlegget etter kvart opplevast som for lite og ikkje fungerer etter hensikta.

Landskapet i LNF vert liggande utan inngrep i 0-alternativet.



Figur 10 Vegen inn til anlegget.

4. PLANLAGT AREALBRUK - ALTERNATIV MED ETABLERING AV NYE BYGG

Reguleringsplan for Nesfossen tek utgangspunkt i kommuneplan for Lindås 2011 - 2023.

4.1. Planområdet


Reguleringsplan for Nesfossen skal innehalde plankart, føresegner og utgreiing. Plankart og føresegner skal saman vera bindande for arealbruken.

Området for etablering av nytt smoltanlegg ligg vest for eksisterande anlegg. I kommuneplan for Lindås ligg dette området som LNF og akvakulturanlegg. Sjå utsnitt frå kommuneplan for Lindås i figur 3.

4.2. Landbruk

Området har skog med frå særst høg og høg bonitet. Sjå figur 7. Området er klassifisert som LNF i kommuneplanen og vert i reguleringsplanen i hovudtrekk regulert til akvakulturanlegg.


Markslagskart syner oversikt over gnr. 56 bnr. 14. Området for inngrep er på om lag 26 daa.




Figur 11 Vegetasjonen i området.

4.3. Strandsona

Strandsona som den ligg i dag er ikkje vidare tilgjengeleg. Det vil etablerast kaianlegg for tilkomst av frå sjøsida. Strandsona vert i tillegg endra med den hensikta å gje plass til nye merder på land. Ein ser for seg to kaianlegg. Sjå illustrasjon under.



Figur 12 3D framlegg til løysingar for området. III: FanAgro



Figur 13 Illustrasjon som viser fordelinga av ulike tenester innanfor området. III. FanAgro

4.4. Infrastruktur

Planområdet ligg ved FV 57/ Lindåsvegen og er knytt til vegsystemet som er hovudfartsveg til Mongstad og tettstaden Lindås.

FV 57 har ein ÅDT på ca. 4200 bilar. Vegnettet til smolanlegget har berre mindre nærtrafikk i dag. Med ny utbygging vil trafikken i området venteleg auka noko.

Kollektivtrafikk finn ein langs etter FV 57.

4.5. Kulturminner

Ved søk i basen Kulturminnesøk kommer det opp eit kjent funn: den Trondhjemske postvei.

Rester av denne er godt synleg på staden.

Det same er rester av gamle byggverk knytt til eit gammalt vassverk i området ned mot strandsona. Desse er ikkje i opphavleg stand i og med at det har vore gjennomført utbygging av området.

Ut over det er det ingen kjente automatiske freda kulturminner.



Figur 14 Den gamle postvegen til venstre og restar av mølleanlegg til venstre.

5. KONSEKVENSGREIING MED ANTATTE PROBLEMSTILLINGAR OG ØVERSIKT OVER TILHØVE SOM UTGREIAST, UTGREIINGSPROGRAM

5.1. Metode

Arbeidsmetodikken vil fylgje gjeldande statlege retningslinjer og føringar for utarbeiding av reguleringsplan med konsekvensutgreiing. Føremålet med å utarbeide ei konsekvensutgreiing er at omsynet til miljø og samfunn vert vurdert ved oppstart av planarbeidet. Her vil ein ta stilling til om det skal setjast i gong eit arbeid, på kva vilkår og korleis planen kan gjennomførast.

Konsekvensutgreiinga skal byggje på faglege vurderingar og byggje på eksisterande registreringar i offentleg tilgjengelege databaser. Konsekvensutgreiinga sitt arbeid skal byggje på eksisterande kunnskap og kjent metodikk. Desse eksisterande registreringane skal danne grunnlaget for områdets verdi innanfor dei ulike deltema. Dette vert utgangspunktet for dei vurderingane som vert gjort og vil sei noko om omfanget av nye tiltak og verknadene av desse.

Det skal skildrast eit 0- alternativ og eit alternativ for ei eventuell utbygging.

Konsekvensutgreiing skal fungere som ein reiskap til å forvalte naturressursane innanfor planområdet til Nesfossen og sikre god forvaltning av strandsone, friareal, landbruksareal, samt kulturminne og landskap.

Konsekvensutgreiinga skal gje politikarane avgjerslegrunnlag for utvikling og tilrettelegging for tiltak.

Tema for utgreiinga er valt i høve til forskrift om konsekvensutgreiingar, med lokale tilpassingar.

5.2. Rammar og føresetnader

5.2.1. Overordna planar og retningslinjer

Reguleringsplanen skal utarbeidast i samsvar med overordna planar. Her følgjer ei liste over dei nasjonale, regionale og lokale planar og retningslinjer som kan få innverknad for planarbeidet:

5.2.1.1 Rikspolitiske retningslinjer

- Rikspolitiske retningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging

- Rikspolitiske retningslinjer for barn og unges interesser i planlegging
- Rikspolitiske retningslinjer for universell utforming
- Andre aktuelle retningslinjer, forskrifter og føringar

5.2.1.2 Relevante planar


- Kommuneplan for Lindås (2011-2023)
 - Med aktuelle føresegner
 - ROS-analysen vil Lindås sine vedtekne akseptkriterium nyttast
- Naturtypar i Lindås 2004
- Strategisk næringsplan 2011 - 2020
- Kommunedelplan for klima og energi 2010 - 2020
- Verneplan for Lurefjorden

5.2.1.3 Planar i nærmiljøet

Det er ingen relaterte reguleringsplanar i området som grensar til vårt planområde. Verneplan for Lurefjorden omfattar ikkje planområdet, men det er naturleg å sjå på kva føringar som er lagt for forvaltning av områda omfatta av denne.

5.3. Tiltaka

Aktuelle tiltak er etablering av eit smoltanlegg med infrastruktur. Sjå illustrasjonar.



Figur 15 Illustrasjonar over planlagt anlegg. III: FanAgro.

5.4. Utgreiingstema

5.4.1. Miljø

Naturmangfald og miljø:

Ei utbygging kan påverke dyre - og plantelivet i området. Leve og vekstområde kan verte redusert eller påverka på annan måte. Vidare kan hekke- og yngleområde verte øydelagt og ev. vilttrekk kan forstyrast. Konsekvensutgreiinga skal sjå på og vurdere mogleg konflikt.

Metodikk:

Tilgjengelege registrert data om naturtypar, dyre - og fugleliv i området er allereie kartlagt og vil verte lagt til grunn for konsekvensvurderingar. Det vil vere ein spesiell fokus på raudlista artar. Drøftinga av konsekvensar vil ha sitt grunnlag i eksisterande materiale. Lov om naturmangfald med spesiell fokus på §§ 8, 9 og 10 vert lagt til grunn.

Landbruk:

Tap av dyrka mark/skog

Metodikk:

Kartlegge status. Utarbeide temakart som illustrera konsekvensane av planen.

Landskap og friluftsliv:

Ei utbygging vil påverke landskapet lokalt. Det er viktig å sikra særlege element i landskapet og sjø, samt å analysere nær- og fjernverknad i høve til framtidige utbyggingsområde. Gjennom KU skal ein kartleggja dei visuelle konsekvensane - som verknad i landskapet, og vurderer konsekvensar for landskapet ved utbygging av området. Det skal vurderast fleire enn eitt alternativ til utforming av området. I minimum eitt alternativ skal opphavelag terreng/fjellstruktur ut mot sjø i området takast vare på.

Metodikk:

Registrering og dokumentasjon av landskapskarakter gjennom synfaring og kartstudie. Det vil takast i bruk visuelle vurderingar som fotomontasjar og terrengsnitt i viktige landskapsretningar.

Kulturlandskap- og kulturminne

Omgrepet kulturmiljø vert ofte brukt om landskap og kulturminne sett i samanheng. Ei utbygging og auka ferdsel i området til lands og i strandsona, vil kunne kome i konflikt med både enkelte kulturminne og heile kulturmiljø.

Ein vil undersøkje om det er registrert automatisk freda kulturminner i eller nær området.

Metodikk:

Undersøke basane til Riksantikvaren, Askeladden og SEFRAK.

5.4.2. Naturressursar

Massar

Det skal gjerast ei vurdering av massane som skal handterast og korleis desse skal disponerast. Verdi av eksisterande massar må vurderast. Jord- og myrmasar skal omtalast, disponering og eventuell handtering vidare hjå mottakar. Det skal gjerast ei vurdering knytt til eventuell klimaeffekt ved uttak av myrmasar.

Det skal gjerast ei vurdering av om det aktuelle myrområdet er eigna for utfylling og ei vurdering av omfanget av massar som er naudsynt for å fylla området.

Metodikk:

Kartlegge og vurdere massane og myrområdet.

Strandsone

Naturinngrepa som er tenkt vert i strandsona - sjå illustrasjonar. Kvalitetane i strandsona vil verte kartlagt.

Metodikk:

Land- og strandsona innanfor og nær planområdet i Nesfossen vert omtalt og drøfta.

5.4.3. Samfunn

Nærmiljø / friluftsliv:

Ei utbygging vil verke både positivt og negativt på friluftslivet. Nedbygging av areal kan bety mindre moglegheit for enkelte typar friluftsliv. Ein vil drøfta kva utbygginga av delar av Naustrinden/Nesfossen vil kunne bety for bruken av området ved Naustrinden som friluftsliv- og rekreasjonsområde.

Metodikk:

Nasjonale retningslinjer og kommunale planar. Kontakt med lokale aktørar som turlag og lokalt næringsliv for å avdekke reell arealbruk.

Universell utforming:

Universell utforming er utforming av omgjevningane på ein måte som gjer at dei kan brukast av alle menneske, utan trong for tilpassing eller spesiell utforming. Det er eit mål at omsynet til universell utforming skal gjelde feltet.

Metodikk:

Gjeldande regelverk i Teknisk forskrift til plan - og bygningslova (TEK10).

Vidare skal det gjerast greie for avbøtande tiltak for ei utbygging.

Transport, trafikk:

Tilkomst til planområdet vert frå FV 57 gjennom Lindåsvegen. Utbetring av det lokale vegnettet til Lindåsvegen må sjåast på. Det skal gjerast ei vurdering av massehandtering og korleis denne skal skje. Om massar skal transporterast utover området må det gjerast ei vurdering knytt til dette.

Metodikk:

Definere trong for tilkomst, transport, massetransport og parkering. Tilrettelegging for auka kollektiv bruk.

5.4.4. Anna

- o ROS- analyse, med havstigning
- o Andre konsekvensar som mellom anna: vei, vann og avlaup (VA)
- o Vurdering av korleis tiltaket påverkar naturmiljøet i anlegg og driftsfasen

5.5. Oppsummering av utgreiingstrong:

Tema	Utgreiingstrong	Metode	Kjelder og informasjon
Naturmangfald og miljø	Vurdere verknader på naturmiljø Avklare vatn og avlaupstilhøva på staden Massane som skal handterast Myrområdet	Samle inn tilgjengelege data i ulike baser Utarbeide VA-rammeplan Stille saman konsekvensar og vurdere desse i KU Kartlegge massane og vurdere desse	KPA med føresegner Naturbase, NINA og HFK, regionale ressurskart. Synfaring
Landbruk	Tap av skog	Kartlegge status Utarbeide temakart som illustrerer konsekvensane av planen Stille saman konsekvensar og vurdere desse i KU	Stille saman informasjon etter basen Skog og Landskap. Synfaring. Rettleiar om landbruk og KU
Landskap	Vurdere korleis tiltaket vil ligge i landskapet Nær og fjernverknader	Synfaring Enkel landskapsvurdering Fotomontasje før og etter Stille saman konsekvensar og vurdere desse i KU	Nytte nasjonalt system for regional klassifisering av landskap. Basen til Skog og Landskap.
Kulturlandskap og kulturminne	Samanstilt tilgjengeleg informasjon	Arkeologisk synfaring, rapport HFK Stille saman konsekvensar og vurdere desse i KU	HFK utfører og lagar rapport Askeladden, SEFRAK og Riksantikvaren sine basar
Strandsone og akvakultur	Ålmenta si bruk av strandsone og vassdrag	Synfaring og fotodokumentasjon. Kartlegge eigartilhøve Eksisterande bygg Kartlegge friluftsverdiar Utarbeide flomrapport Stille saman konsekvensar og vurdere desse i KU	KPA med føresegner Statens kartverk/infoland Nytte fagkyndig firma til å utarbeide rapport Regionale registreringar av friluftsverdiar (HFK)
Transport, trafikk	Endringar i trafikksituasjonen ved planlagde tiltak. Massebalanse	Synfaring, dialog med vegmynde Stille saman konsekvensar og vurdere desse i KU Berekning av masseuttak	Trafikkberekningar frå Statens vegvesen
Nærmiljø og friluftsliv	Kartlegge stiar og vegfar	Temakart friluftsliv Stille saman konsekvensar og vurdere desse i KU	Regionale registreringar av friluftsverdiar (HFK)
Universell utforming	Nytte gjeldande regelverk i utforming av plankart	Stille saman konsekvensar og vurdere desse i KU	Gjeldande regelverk i Teknisk forskrift til plan - og bygningslova (TEK10)
ROS	Utgjeie dagens situasjon og korleis planlagde tiltak vil kunne påverke risiko og sårbarheitstilhøve	Utarbeide ROS-analyse i samsvar med Lindås kommune sine aksept kriteria Stille saman konsekvensar og vurdere desse i KU	Samle data. Nytt DSB sine system samt nytte informasjonsbasar for lokale forhold

Kontakt info

Ard arealplan as

Nygårdsgaten 114 • 5008 Bergen
+47 55 31 95 00 • www.ardarealplan.no
post@ardarealplan.no

Jan Espen Vik

Dagleg leiar • By- og regionplanleggar
+47 975 83 416 • jev@ardarealplan.no

